



Statens vegvesen

Øygarden kommune
Ternholmvegen 2
5337 RONG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
17/35496-12

Dykkar referanse:
16/1682

Vår dato:
01.06.2018

Uttale til offentlig ettersyn – Områdereguleringsplan – Rong senterområde – planId 20020001

Vi viser til varsel om høyring og offentlig ettersyn av kommunedelplan for Rong senterområde i Øygarden kommune, brev dagsett 14.03.2018. Merknadsfrist er sett til 01.06.2018.

Saka gjeld

Reguleringsplan for Rong senterområde skal leggje til rette for fortetting og vidareutvikling av kommunesenteret på Rong. Området skal få tydelegare tettstadpreg med miljøgate og eit tettare utbygd sentrum.

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionalpolitiske føringar vert ivarettatt i planlegginga. Vi gjev uttale som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport.

Statlige retningslinjer:

Av statlige planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging går det fram at «*Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, god trafiksikkerhet og effektiv trafikkavvikling. Planleggingen skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettsteder, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet.*

Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utvikling av kompakte byer og tettsteder, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlige transportformer. I henhold til klimaforliket er det et mål at veksten i persontransporten i storbyområdene skal tas med kollektivtransport, sykkel og gange.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Planleggingen skal legge til rette for tilstrekkelig boligbygging i områder med press på boligmarkedet, med vekt på gode regionale løsnings på tvers av kommunegrensene.»

Nasjonal Transportplan (NTP)

Regjeringa vil halvere talet på drepne og hardt skadde i vegtrafikken innan 2024. Trass i ei betydeleg reduksjon i talet på alvorlige trafikkulykker de siste åra utgjør talet på drepne og hardt skadde i vegtrafikken framleis eit alvorleg samfunnsproblem.

Regjeringa meiner derfor at det er naudsynt med ei kraftig satsing på trafikktryggleik.

Jfr. NTP er det viktig at tilhøva vert lagt til rette for at born kan ferdast trygt mellom anna til og frå skulen. Skulevegen gjev born viktig trafikktraining, samstundes som sykling og gange har miljømessige fordelar og er eit viktig folkehelseiltak. Utbygging og utbetring av gang og sykkelveggar, samt oppgradering av haldeplassar, er viktige tiltak som bidreg til auka trafikktryggleik og god ferdsel for born og unge.

Vår vurdering av planforslaget

Framlegget til områdeplan for Rong sentrum har vore drøfta i fleire møter med Statens vegvesen. Vi er i hovudsak nøgd med dei plangrepa som er gjort, men har likevel nokon merknader til planframlegget:

Planteknisk/Plankart

- Reguleringsplankartet må ha med seg utsnitt som viser vertikalnivå der dette er aktuelt. Mellom anna vil dette gjelde viadukt/bru område o_SVT (ved B11) , undergang g/s veg ved Rong senter og o_SKV6 der denne kryssar under fylkesvegen.
- I område LF8 må eksisterande bygg markerast med symbol for bygg som det er føresetnaden at skal fjernast. Eksisterande avkøyrslar må i plankartet visast med stengesymbol og det må vere knytt rekkefølgekrav til stenging.
- Område BV1 har etter det vi kan sjå heile 3 avkøyrslar. Talet på avkøyrslar bør reduserast der dette er mogeleg. Spesielt er vi kritisk til plasseringa av avkøyrslar tett opp mot framtidig rundkøyring. Denne avkøyrsla vil i verste fall føre til at det oppstår ei tilbakeblokkering av trafikken her.
- Område o_SPP8 har regulert avkøyrslar frå nord. Avkøyrslar må fjernast.
- Statens vegvesen minner om at tekniske teikningar må vere ein del av sentrumsplanen. Tekniske planar skal følgje plansaka når denne er ute til offentleg ettersyn og må ligge som eit vedlegg til vedtatt plan.

Vi imøteser eit planframlegg som tek omsyn til merknadane våre.

Plan og forvaltning – Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune – Samferdselsavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN